



«MOTTAKERNAVN»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«ADRESSE»

Greta I. Hanset, 71 25 85 47

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Søknad om tilskot til kompetanse- og innovasjon 2021 - kap.0761 post 68

Statsforvaltaren har ansvar for forvaltinga av kompetanse- og innovasjonstilskot, jf. Statsbudsjettet kap. 761, post 68. Tilskotet gjeld kompetanseheving og innovasjon for å medverke til at kommunane kan møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester. Regelverket og søknads- og rapporteringsskjema er det same som i 2020.

### Målet for ordninga

Midlane skal medverke til at kommunane set i verk kompetansehevande tiltak og nybrots- og utviklingsarbeid ut frå lokale føresetnader og behov.

### Kven kan søkje

Kommunar kan søkje på ordninga. Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

### Beløp til fordeling i 2021 i Møre og Romsdal

Ramma for kompetanse og innovasjonstilskotet for 2021 er ikkje kjent enno. Sum og fordeling vil vere om lag på same nivå som i 2020. Vi fekk totalt tildelt kr. 32 887 914 mill. 2020 . Det var fordelt slik: 10 mill. øyremerka Regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling i Kristiansund, Grunn og vidareutdanningar 15 025 303 , BPA og innovasjonsprosjekt kr. 6 488 677 og Omsorgsplan 2020- Innføring av velferdsteknologiske løysningar- kr. 1 373 934.

### Tildelingskriteria og prioriteringsrekkefølgje for ordninga:

1. Grunn-, vidare - og etterutdanning, inkludert fagområda psykisk helse og rus
2. Opplæring knytt til Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
3. Innovasjonsprosjekt

Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn. Vi viser elles til regelverket for ordninga på vår nettside.



## Andre opplysningar

Det blir som hovudregel lagt til grunn ein communal eigenandel.

Statsforvaltaren vil presisere at kommunane må koordinere søknadane, slik at Statsforvaltaren får **ein** felles søknad frå den enkelte kommune. Samt minne om at der det står **anna utdanning** må det skrivast i merknad kva utdanning det er. Og søknadsskjema må sendast i Excel, for at vi skal kunne lese all tekst. Dette forenklar søknadsbehandlinga.

## Kvalitetsreforma for eldre – Leve hele livet

Det er vedtatt at kommunane som omstille seg i tråd med kvalitetsreforma vil bli prioritert innanfor ei rekke relevante tilskotsordningar frå og med 2021.

Som ei oppfølging av dette sendte Helsedirektoratet 9. januar ut eit eige brev til kommunane med informasjon om korleis kommunane skal forhalda seg til dei nye prioriteringskriteria og kva tilskotsordningar det gjeld. Statsforvaltaren sendte ut brev om Leve hele livet –Kartlegging skjema som skal dokumentere om kommunane fyller kriteria for å bli prioritert innanfor dei øyremerka tilskotsordningane i 2021.

Tilskot til tilsette som allereie har starta eit utdanningsløp fritakast frå dette. Det inneber at prioriteringsskrava blir fasa inn gradvis i perioden 2021–2023.

Kommunane skal söke på tilskotsordningane etter gjeldande tildelingskriteria og regelverk, som tidlegare. Dei nye prioriteringskriteria skal fungere som ein "inngangsbillett" for kommunane for å bli prioritert og vil derfor ikkje medføre endringar i dei respektive regelverka.

## Korleis sökje

Søknad skal fyllast ut i eige søknadsskjema. Skjema finn du på våre nettsider.

Eige vedlegg til søknadsskjema kan gjerne sendast med søknaden, dersom det er behov for å kome med fleire opplysningar.

Søknaden blir å sende til Statsforvaltaren på e-post: [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

**Søknadsfrist er 20.mars 2021.**

## Rapportering

Skjema og Word-dokument til bruk ved rapportering er lagt ut på vår heimeside. Resultata av innovasjonsprosjekta skal dokumenterast og Statsforvaltaren vil vurdere i kva grad prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar. Kommunen må være budd på å medverke til vidareformidling av resultat frå prosjekta og stimulere til læring og erfaringsutveksling i samarbeid med Statsforvaltaren. Frist for rapportering vil stå i tilsegnsbrevet.

**Husk rapportering for 2020 med frist 1. mars 2021**

Skjema ligg på vår heimeside.



**Kontaktpersonar hos Statsforvaltaren**

Greta Irene Hanset, [fmmrgrha@statsforvaltaren.no](mailto:fmmrgrha@statsforvaltaren.no) tlf. 71 25 85 47

Eli Mette Finnøy, [fmmrelfi@statsforvaltaren.no](mailto:fmmrelfi@statsforvaltaren.no), tlf. 71 25 85 82

Informasjon om tilskotet med skjema for søknad og rapportering, samt regelverket, finn du på våre heimesider under Tilskotskalender her: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Tilskot/>

Med helsing

Kjersti bakken(e.f.)  
ass. direktør

Greta I. Hanset  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakere:**

Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Sykylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA